



Fyresdal kommune
Sektor for kultur og oppvekst

**PLAN- OG VURDERINGSARBEID I FYRESDAL
BARNEHAGE 2017-2018**

Vedlegg til årsplanen.

August 2017

Formål

"Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene."

"Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger."

"Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering"

Barnehageloven

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planlegge og vurdere arbeidet. Barn og foreldre har rett til medverknad i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd, er å gi barn eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehageloven og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal byggje på barnehageloven og rammeplanen.

Planlegging

PLANLEGGING I BARNEHAGEN:

Planlegging skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkelt barn og gruppa.

Planlegging skal byggje på kunnskap om barnets trivsel og allsidig utvikling, individuelt og i gruppe. Den skal også byggje på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtaler med barn og foreldre.

Årsplanen er planverktøyet i barnehagen. Men skal brukast saman med observasjon, medverknad frå barn og foreldre, samt forskning, evaluering og kompetanseheving for at planane skal vere aktive og tilpassa enkelt barn og barnegruppene.

VURDERING I BARNEHAGEN:

Barnehagen skal jamleg vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at barnehagen skal beskrive, analysere og fortolke det pedagogiske arbeidet ut i frå barnehagen sine planar, barnehageloven og rammeplanen. Hovudmålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod i tråd med barnehageloven og rammeplanen.

Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjon som heile personalgruppa er involvert i. Felles refleksjon over det pedagogiske arbeidet kan gi personalet eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring. Faglege og etiske problemstillingar skal inngå i vurderingsarbeidet. På den måten kan personalet lære av eigen praksis og bidra til å utvikle barnehagen som pedagogisk verksemd.

Kunnskap om barnegruppa og enkelt barnet sin trivsel og allsidig utvikling er viktig for å oppfylle krava i barnehageloven og rammeplanen. Barnet sin trivsel og allsidig utvikling skal derfor observerast og vurderast fortløpande, med utgangspunkt i barnet sine individuelle forutsetningar og kunnskap og barnet sin utvikling og behov. Barnet sine erfaringar og synspunkt skal inngå i vurderingsgrunnlaget.

DET ER I HOVUDSAK 3 OMRÅDER SOM SKAL VURDERAST JF. LOV OM BARNEHAGE:

1. Barns trivsel, læring og utvikling
2. Barnehagen som pedagogisk verksemd
3. Utvikling av barnehagen

VURDERINGSARBEID I FYRESDAL BARNEHAGE

Kva skal vurderast?

Kva er formålet?

Kven skal deltake?

Korleis skal vurderingsarbeidet gjennomførast?

Når skal vurderingsarbeidet gjennomførast?

Noko kontinuerleg, anna til faste tider.

SYSTEMATISK VURDERING ETTER BARNEHAGELOVEN OG ÅRSPLAN:

Kva	Kven	Når	Utført
Danning gjennom omsorg, leik og læring	Barn Foreldre Personal	Nov/mai Nov/mai Kontinuerleg	
Barnehagen som pedagogisk verksemd	Personal Foreldre	Nov/mai	
Barnehagens utvikling/lærande organisasjon	Personal Foreldre	Nov/Mai	
Samarbeid/kommunikasjon med foreldre/føresette	Foreldre Personal	Kontinuerleg Kontinuerleg	
Trivsel i barnehagen	Barn Foreldre Personal	Kontinuerleg Kontinuerleg Kontinuerleg	

Leik	Barn Foreldre Personal	Nov/mai Nov/mai Kontinuerleg	
Sosial kompetanse	Foreldre Personal	Nov/mai Nov/mai	
Barns medverknad	Barn Foreldre personal	Nov/mai Nov/mai Kontinuerleg	
Språkstimulering	Foreldre personal	Nov/mai Nov/mai	
Uteliv	Barn Foreldre personal	Nov/mai Nov/mai Nov/mai	
Vaksenrolla	Foreldre Personal	Kontnuerleg Kontinuerleg	

KORLEIS SKAL VURDERING GJENNOMFØRST?

Kontinuerleg ved hjelp av observasjon

Kontinuerleg ved dagleg kontakt mellom personal og foreldre
pedagogiske leiarmøte 1 gong pr veke

Personalmøte, ca 1 g pr mnd

Samtaler med dei største barna 1-2 g pr år

Foreldresamtaler 1-2 g pr år

Foreldremøter/møte med samarbeidsutvalet 1-3 g pr år

Brukarundersøking kvart 3. år

Gjennom godkjenning av årsplan

RESULTAT SKAL BRUKAST TIL:

Utviklingsarbeid i barnehagen

Kommunikasjon/samarbeid med foreldre

Betre barnehagetilbod

Informasjon til barnehageeigar

VURDERING ETTER DEI ULIKE OMRÅDA I LOVEN:

Fokusområde	Teikn på god praksis	Vurdert dato
Danning gjennom omsorg, leik og læring	Omsorg skal prege alle situasjonar Barnet øver på og gjer seg opp egne meiningar Vaksne har fokus på mangfald i barnegruppa Barnet er med å drøfte egne og andre sine erfaringar, slik at det dannar ny læring og kunnskap Vaksne legg til rette for utforskande aktivitetar Vaksne legg vekt på læreprosessar	

Fokusområde	Teikn på god praksis	Vurdert dato
Barnehagen som pedagogisk verksemd	Gjensidig tillit, respekt og anerkjenning mellom barn, tilsette og foreldre Vi ser framgang i barns læring og utvikling Det er felles verdigrunnlag blant dei tilsette Didaktisk relasjons tenking er eit verktøy i planlegging Alle tilsette er med i planlegging- og vurderingsarbeidet Vi gjennomfører avdelingsmøte, ped.leiar møte, personalmøte, foreldremøte	

Fokusområde	Teikn på god praksis	Vurdert dato
Barnehagens utvikling/lærande organisasjon	Vi ser framgang i barns læring og utvikling Vi opplever læring og utvikling i personalgruppa Vi dokumenterar det vi gjer (månadsplan, veker rapport, møtereferat, observasjonar) Kontinuerleg evaluering i det daglege Systematisk evaluering i møter Brukarundersøking kvart 3. år Vi har dialog med barnehageeigar Tilsette er utviklingsorientert og ynskjer å dra i same retning Barn og foreldre får medverke Oppgåver og ansvar er delegert Det er samsvar mellom plan og praksis Styrar og ped.leiar gjev fagleg støtte og veiledning	

Fokusområde	Teikn på god praksis	Vurdert dato
Samarbeid/kommunikasjon med foreldre/føresette	Gjennom: Hente- og bringesituasjon Foreldresamtaler Møter med foreldre Månadsplan Veke rapportar	

Fokusområde	Teikn på god praksis	Vurdert dato
Trivsel og tryggleik i barnehagen	Vi opplever trivsel og tryggleik hos: Barn – barn Enkelt barn Barn – personal Foreldre – personal Personal – personal Dette gjennom observasjon, samtaler, møter og dagleg kontakt	

VURDERING ETTER FOKUSOMRÅDA I ÅRSPLANEN:

Fokusområde	Teikn på god praksis	Vurdert dato
Leik	Barnet får ein ven Barnet kan halde på ein ven Barnet kan vere ein ven Vaksne er aktive i barn aktivitet Vi har utstyr og materiale som kan styrke og utvikle leik Vi har tilrettelagt fysisk miljø inne og ute Barnet får vere uforstyrra Barnet får utvikle nysgjerrigheit Barnet får styrke sjølvkjensla Barnet øver på sosial ferdigheitart/smart ferdigheitart og blir kjend med eigne styrkar Dei vaksne tilretteleggje, deltek, observerar og gjev støtte til barn som ikkje deltek i leik. Barnet øver og lærer seg smart ferdigheitart	

Fokusområde	Teikn på god praksis	Vurdert dato
Sosial kompetanse <ul style="list-style-type: none"> • Sjå underpunkta i årsplanen 	Barnet øver på sjølvstende Barnet tek omsyn Barnet viser omsorg Barnet kan samarbeide Barnet har eit godt munnleg språk Barnet kan oppretthalde kontakt med andre Barnet kan ta kontakt med andre Barnet øver og lærer seg smart ferdigheitar	

Fokusområde	Teikn på god praksis	Vurdert dato
Barns medverknad	Dei vaksne tek barns tankar og meiningar på alvor Dei vaksne gjev tid og rom for lytting og samtale Dei vaksne stiller opne spørsmål og er engasjert Barna med i planlegging, gjennomføring og evaluering	

Fokusområde	Teikn på god praksis	Vurdert dato
Språkstimulering <ul style="list-style-type: none"> - Sjå underpunkta i årsplanen 	Hjø enkelt barn og i gruppe: Språkforståing Uttale Samspel og kommunikasjon Språkleg engasjement Barnet øver og lærer seg smart ferdigheitar	

Fokusområde	Teikn på god praksis	Vurdert dato
Uteliv	Barn og vaksne møter kvarandre med respekt og inkludering Barnet blir kjent med nærrområde Barnet utviklar grunnleggande kunnskap og ferdigheitar Barnet blir kjent med naturens mangfald Barnet øver og lærer seg smart ferdigheitar	

Fokusområde	Teikn på god praksis	Vurdert dato
Vaksenrolla	Vaksne er lyttande og undrande saman med barn Vaksne reflekterer og stiller opne spørsmål (kvifor trur du det, kva tenkjer du, osv) Vaksne er rettleiar i konflikhtar Vaksne er anerkjennande Vaksne er støttande Vaksne legg til rette for ulike erfaringar Vaksne er fleksible og dynamiske og gjev barna dei beste føresetnadane for utvikling i leiken	

Sosial kompetanse, uteliv, leik, smart, barns medverknad og språkstimulering er områder Fyresdal barnehage ynskjer å ha eit ekstra fokus på. Desse står det meir om i årsplanen.

Plan- og vurderingsarbeid er tidkrevjande og skal legge grunnlag for vidare utvikling. Både hos barn, personale og i organisasjonen. Ein når ikkje alle områd kvart år og må difor gjere nokre val utifrå observasjonar og i samarbeid med foreldre/føresette.